

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	28.04.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/1348	15/4418

Nordhordlandspakken - justeringar - høyring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland handsama Nordhordlandspakken i januar/februar i 2015. Etter at det ikkje vart tilslutnad frå Meland kommune til fylkestinget sitt framlegg til Nordhordlandspakken er det utarbeidd framlegg til nokre justeringar av pakken.

Framlegget til justeringar omfattar følgjande:

- Auke i investeringsramme med 200 mill. kroner basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.
- Fordeling av dei nye investeringsmidlane med 115 mill. kroner til Lindås og 85 mill. kr. Til Meland.
- Prioritering av prosjekt fv. 564 Fløksand-Vikebø opp som nr 2 av prosjekta i Meland.
- Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt fv. 564 Sandskaret-Holme) opp som nummer 3 av prosjekta i Meland.

Basert på denne skissa til justert pakke vedtok Meland kommunestyre 25. mars å ta opp sak om Nordhordlandspakken som til ny handsaming. Med utgangspunkt i dette vedtaket har styret i Nordhordlandspakken AS søkt Statens vegvesen Region vest om at det vert gjennomført lokalpolitisk behandling av dei justeringane som er føreslegne. Statens vegvesen har tilrådd justeringane det er søkt om, og ber kommunane som er med i Nordhordlandspakken om uttale.

Konklusjon

Rådmannen viser til skriv frå Statens vegvesen av 10.04.2015 – «Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring», og rår til at kommunestyret sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

Kommunestyret i Radøy - 022/2015

KS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland orienterte om at planen er å få Nordhordlandspakken handsama i kommunane i tide til å få samferdselspakken til handsaming i fylkestinget i junimøtet. Dermed vil det vera mogleg for Vegdirektoratet å gjera si handsaming av Nordhordlandspakken i løpet av 2015. Representantane Kenneth T. Murberg (H) og Frode Hervik (V) var mellom dei som uttrykte kritikk mot at Nordhordlandspakken kjem opp til handsaming i stadig nye rundar, og at enkelte kommunar kan pressa gjennom sine krav. Murberg meiner det er nødvendig med ei evaluering av prosessen i ettertid.

Vidar Grindheim (Uavhengig) stilte spørsmål ved uavklart utfall av lovlegkontrollen som er kravd knytt til det positive vedtaket som Meland kommunestyre har gjort i sak om den justerte Nordhordlandspakken. Grindheim viste til bekymringsmeldingar både frå næringsliv og ein del innbyggjarar om for tung bompengeskilting, og signaliserte at han kom til å stemma mot Nordhordlandspakken.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak mot ei røyst (Vidar Grindheim, uavhengig)

KS - vedtak:

Radøy kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

Vedlegg:

Nordhordlandspakken - justeringar - høyring (L)(40643)

Nordhordlandspakken - signert brev

Protokoll - Styremøte i Nordhordlandspakken AS (L)(40644)